

Kort nyhetsbrev

Det er straks på tide å koble over på ferietid.

Håpar alle nyt dagane og får lada batteria, for vi går ein spennande haust i møte! Her kjem litt lett lesnad de kan ta med i solstolen.

"Der det er utslipp er det også muligheter"
Einar Håndlykken



4.juni var det offisiell lansering av Klimapartnere Hordaland, med åpningstale av Ragnhild Stolt-Nielsen og inspirerande innlegg frå fleire av partnerverksemndene.

14 verksemder, som til saman representerer over 40 000 ansatte, signerte avtale med nettverket. Verksemndene som er med frå start er: Asplan Viak, Atea, Auto 23, Bergen Energi, Bergen kommune, BIR, BKK, Emisoft, Fylkesmannen i Hordaland, Grand Hotel Terminus & Hotel Augustin, Helse Bergen, Hordaland fylkeskommune, Sparebanken Vest og Universitet i Bergen.

Vi er eit solid lag med samme mål: Å gjøre regionen grønare, ved å redusere eigne utslepp og stimulere til grønn samfunns-og næringsutvikling!



Klimaregnskap To møter i møteserien om klimaregnskap er gjennomført og vi planlegg to til. Målet er å publisere eit samla klimaregnskap for 2013 i løpet av hausten 2014, samt eit tilhøyrande kunnskapsnotat om temaet. Rett etter sommaren vil det være mogleg å byrje å melde inn nøkkeltal til den samla klimarekneskap. Ein vil få tilsendt nærmare informasjon om dette.



Nye nettsider Nye nettsider er no lanserte! Vi deler platform med Agder og har god plass til fleire Klimapartnere regionar. På toppnivået vil ein finne informasjon som er av felles interesse og på undernivå informasjon som er av interesse for regionane. Slider i topp presenterer beste praksis eksempel og her treng vi fleire gode døme frå dykk. Ta gjerne ein ekstra kikk på partnersidene og sjekk at det er slik de vil at verksemda dykkar skal presenterast. Sjå <http://www.klimapartnere.no/>



Møteserie om innkjøp Rett over sommaren vil ein byrje på ein ny møteserie om innkjøp. Her vil vi strebe etter å involvere innkjøpsseksjonane direkte, slik at desse kan være med i diskusjonen og problemstillingane frå start. De vil snarleg få ein e-post med dato for fyrste møte. Vi tek alltid imot innspel om de ønskar å bidra i kunnskapsseriar eller etterlyser informasjon vi bør dekke.



Beste praksis Klimapartnere Hordaland har som formål å bli sterke på grønn forretningsutvikling. Ein nøkkel for å nå dette vil være å dele eksempel på beste praksis. Dette kan være produkt, tjenester, samarbeid eller smarte løysningar for utsleppsreduksjon. Ta kontakt om de har eksempel de vil dele som kan ha nytte for andre.



GOD SOMMAR! Prosjektleder tek sommarferie i juli men kjem sterkt tilbake fyrste veka i august! E-post og sms vil vært lest sporadisk. Ring dersom dersom det er noko som ikkje kan vente. Ønskar alle klimapartnerar ein strålande sommar!

Ta gjerne kontakt, vi er alltid åpne for innspel!

Helene Frimannslund
Prosjektleder, Klimapartnere Hordaland
Norsk Klimastiftelse

Mob: + 47 99 08 77 00
E-post: hfrimann@klimastiftelsen.no

